



Vestland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/640 - 22/6842

Sakshandsamar:  
Sigvald Kvinge  
sigvald.kvinge@masfjorden.kommune.no

Dato:  
23.08.2022

## Tillegssøknad - Endring av fartsgrenser på fylkesvegar i Masfjorden kommune

Syner til dykkar saksnummer 2022/28987-4 vedrørende tidlegare innsendt søknad om endring av fartsgrenser på fylkesvegar i Masfjorden kommune.


I etterkant av planprosess og vedteken plan, er det kome inn to innspel som kommunen ynskjer vert vurdert saman med tidlegare omsøkte tiltak.

Dei omsøkte parsellane er:

1. Fv 570 - Mjanger
2. Fv 379 - Furebotten

### 1. Fv 570 – Mjanger (Austfjordvegen)

Omsøkte parsell er på om lag 1440 meter og går gjennom bygda Mjanger. Her er ingen gang og sykkelsti, avgrensa vegbelysning og heller ingen andre spesielle tiltak for å skilje biltrafikk og mjuke trafikkantar. På bakgrunn av dette og med argumentasjon i vedlagt skriv frå oppsitjarane i bygda, søker Masfjorden kommune om at fartsgrensa vert redusert frå 80 km/t til 60 km/t for gjeldande parsell (sjå kart under).




Kart over omsøkt parsell gjennom Mjanger - Fv 570 Austfjordvegen

## 2. Fv 379 – Furebotn (Kringlevegen)

Vegstrekninga som det vert søkt om redusert fartsgrense på er ein del av Kringlevegen. Parsellen er smal med fleire svingar med krevjande kurvatur. Vegstrekka er belasta med eit aukande tal tungtrafikk og i tillegg fungerer den som omkøyringsveg når E-39 er stengt. Ved slike høve har det vore særskild krevjande å halde vegen open grunna låg vegstandard (smal veg, avgrensa møteplassar, etc.). Her er heller ikkje gjort tiltak for å skilja biltrafikk og mjuke trafikkantar (veglys, gang og sykkelsti, etc.)

På bakgrunn av ovanfor nemnde grunnar, samt argument som kjem fram av skriv frå bygdefolket i Furebotn, søker Masfjorden kommune om reduksjon av fartsgrensa frå 80 km/t til 50 km/t for parsellen som er merka på kartet under. Denne er på om lag 970 meter.



Kart over omsøkt parsell gjennom Furebotn – Fv 379 Kringlevegen

Masfjorden kommune vonar søknadane kan imøtekomast og stiller gjerne på synfaring om dette kan la seg gjera før sakshandsaming.

Med helsing

Sigvald Kvinge  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

Innspel til sak 225930 - Søknad om reduserte fartsgrenser  
Søknad om endring av fartsgrense på Mjanger



**Mottakarar:**

Olaug Tveit

Austfjordvegen 5981  
1631

Masfjordnes

Sissel Trædal

Kringlevegen 268 5983

Haugsvær

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900 5020

Bergen